

Vaksine mot koronavirus

– Spikevax (Moderna)

Informasjon til deg som har fått tilbod om denne vaksinen

Det nye koronaviruset gjev sjukdom i luftvegane. Mange får ingen eller milde symptom, men nokon vert alvorleg sjuke. Dei eldste og dei med enkelte andre sjukdomar frå før har størst risiko for å få alvorleg sjukdom eller å døy. Koronavaksinen førebyggjer koronasjukdom. Føremålet er å beskytte liv og helse.

Kven kan få denne koronavaksinen?

Tilbodet om koronavaksine gjennom nasjonalt vaksinasjonsprogram gjeld personar som oppheld seg i Noreg. Vaksinen er gratis og frivillig.

Kvar kan eg vaksinere meg?

Sjå informasjon på nettsidene til kommunen din om kven som får tilbod om vaksine, korleis det vert gjennomført og kva tid det skjer.

Slik går vaksinasjonen føre seg

Vaksinen vert satt i overarmen. Før vaksinasjon vil du bli spurt om du er frisk, og om du har hatt reaksjonar på andre vaksiner du har fått tidlegare. Hugs å informere dersom du har hatt koronasjukdom eller fått koronavaksine tidlegare, er gravid, har allergi, nyttar medisinar eller har andre helseproblem. Følg retningslinjene for antall doser og intervall som gjeld for din gruppe. Dette hjelper dei som arbeidar på vaksinasjonsstaden deg med. Det er viktig å ta dosene til oppsatt tid. Det er vanleg å utsetje vaksinasjon ved akutt sjukdom og ved feber over 38 grader. Etter vaksinasjon vil du bli bedt om å vente på vaksinasjonsstaden i minst 20 minuttar.

Korleis verkar denne vaksinen?

Vaksinen inneheld oppskrifta (bodbringar-RNA) på dei typiske piggane på koronaviruset. Det gjer at kroppen lagar ufarlege kopiar av desse piggane som immunforsvaret kan trene seg på. Sånn lærer kroppen seg å kjenne igjen og forsvare seg mot ekte koronavirus om ein seinare vert smitta. Bodbringar-RNA frå vaksinen vert raskt broten ned av kroppen utan å påverke arvestoffet.

Vaksinen inneheld ikkje levande virus og gjev ikkje koronainfeksjon. Koronavaksinen verkar førebyggjande. Han kan ikkje kurere koronasjukdom ein allereie har fått.

Denne måten å lage vaksinar på er ikkje nytta mot smittsame sjukdomar hos menneske tidlegare, men teknologien er kjend og vert nytta i kreftbehandling.

Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen beskytter mot sjukdom som skuldast det nye koronaviruset. Beskyttelsen

mot alvorleg sjukdom er høg etter både første og andre dose. To doser er nødvendig for å få god beskyttelse mot å verte smitta med koronaviruset. Foreløpig veit vi ikkje kor lenge beskyttelsen varer. Dersom beskyttelsen avtar over tid, kan det vere aktuelt med oppfriskningsdoser. Vaksinene beskytter ikkje fullstendig mot å smitte vidare. Difor er det viktig å fortsatt følgje gjeldande smittevernråd

Biverknader

Dei aller fleste bivirkningane oppstår dei første dagane etter vaksinasjon. Koronavaksinane gjev meir av dei vanlege bivirkningane enn det ein er vand med for andre vaksiner. Symptoma er oftast milde til moderate og går over etter nokre dagar, men nokon får kraftigare symptom. Yngre personar får oftast litt kraftigare bivirkningar enn eldre.

Dei fleste vaksinerte får smerter og hevelse på stikkstedet. Andre vanlege bivirkningar er trettheit, hodverk, muskel- og leddsmerter, frysninger, kvalme/oppkast, hovne og ømme lymfekjertlar i armhulen og feber. Disse bivirkningane er vanligare etter dose 2.

Alvorlege bivirkningar er sjelden. Blant dei sjeldne bivirkningane er hjartemuskelbetennelse (myokarditt) og hjarteposebetennelse (perikarditt). Det oppstår som regel etter dose 2 og oftast hos ungdom og unge vaksne. Sjeldne bivirkningar som alvorlege allergiske reaksjonar og hjartebetennelse kan behandlast om dei oppstår. Vi kan ikkje utelukke hittil ukjende sjeldne bivirkningar, eller bivirkningar som først kjem til syne lang tid etter vaksinerings.

Kva gjer eg om eg får biverknader?

Dersom du opplever uventa, kraftige eller langvarige symptomar bør du kontakte lege eller anna helsepersonell for vurdering og råd. Det gjeld uavhengig av om du trur det skuldast vaksinen eller ikkje. Helsepersonell har plikt til å melde frå om alvorlege eller ukjende reaksjonar som dei mistenkjer kjem frå vaksine. Du kan også sjølv sende inn melding via helsenorge.no.

Godkjenning på vilkår

Denne koronavaksinen er testa ut i store studiar der fleire tusen personar har fått vaksinen. Studiane er gjennomførte på same måte som for andre vaksinar, men observasjonstida er kortare. Legemiddelstyresmaktene har gjeve vaksinen ei godkjenning på vilkår. Det vil seie at det ligg føre nok data til å vurdere at nytten av vaksinen er langt større enn risikoen, men at vaksineprodusenten må fortsetje studiane og fortløpande gje legemiddelstyresmaktene data som kjem til etter kvart.

Kva vaksinar har eg teke?

Når du får koronavaksine blir dette registrert i Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. Opplysningane finn du på helsenorge.no.

Vil du vite meir?

Spør gjerne legen din, dei som vaksinerte deg eller anna helsepersonell. Sjå også nettsidene til Folkehelseinstituttet: <https://www.fhi.no/kvp>